



ÅRSMØTE SYVDE IDRETTSLAG 2024

Mandag 03.03.2025

Sakliste

- 1: Godkjenne dei som har stemmerett**
- 2: Godkjenne innkalling og sakliste**
- 3: Velje sekretær, møteleiar og to til å skrive under møteboka**
- 4: Årsmeldingar**
- 5: Rekneskap**
- 6: Medlemskontingent**
- 7: Organisasjonsplan**
- 8: Val**

Årsmelding Syvde Idrettslag 2024

Styret har vore samansett slik:

- Leiar Øyvind Myklebust
- Nestleiar Lars Myklebust
- Kasserar Merete Vatne
- Styremedlem Frode Myrvoll
- Styremedlem Ole Martin Brudevoll
- Styremedlem Oda Wærnes

Varamedlemar

- Monika Skår
- Ove Myrvoll

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemnda har vorte leia av Torfinn Arnesen og Ove Myrvoll.

Styret har hatt 3 styremøter, samt kontakt på messenger, Teams, telefon og mail. Styret har også hatt eitt møte ilag med FAU ved Myklebust barne og ungdomsskule.

Idrettslaget har per i dag 195 medlemmer.

Saker som har vore tema er blant anna desse:

- Oppstart av «Allidrett» for barn. Det har vore 3 møter med «undergruppa Allidrett» ilag med representant frå styret, samt kontakt via messenger etc. Allidrett skal vere eit tilbod for barn der innhaldet skal vere variert fysisk aktivitet gjennom leikprega aktivitetar. Det var planlagt oppstart ved skulestart 2024, men er utsatt til skulestart skuleåret 2025, grunna manglande gymsal.
- Blåfelden Rett Opp blir ikkje gjennomført i 2025, men det blir vurdert å vidareføre dette ved seinare høve, eventuelt eit anna arrangement.
- «Uteområde» ved skulane. Syvde IL har hatt møte ilag med FAU og det har blitt sendt felles søknad om midlar til prosjektering av uteområda rundt skulane. Det er aktuelt for idrettslaget å bidra med midlar og dugnad for å forbetre uteområda og legge til rette for fysisk aktivitet/leik/rekreasjon. Det er sett ned ei arbeidsgruppe i planlegginga av dette der representant frå idrettslaget er med.
- Aktivitetspark til trening, skirenn for barn, StikkUt turar og fjelltrimmen har også vore tema. Styret tenker å gå vekk frå premiering for dei yngste i fjelltrimmen. Det har vore lite deltaking blant dei yngste medlemmane og det opplevast noko kunstig å premiere. Då treng ein heller ikkje ta inn/ta bilde av bøkene etter 1 september for å telle opp turar. Turbøkene blir verande som besøksbok men det blir då brukt berre Georeg til registrering i fjelltrimmen.

Styret vil takke samarbeidspartnarar, sponsorar og frivillige som har stilt opp for innsatsen gjennom året som har gått. De er viktige for å skape aktivitet i bygda.

Årsmelding - uteTREning med puls 2024

Vi er ein ganske fast gjeng som møtes tysdagar og torsdagar ved Myklebust skule, stort sett fem stykk. Dårleg med rekruttering, har fått inn nye i gruppa men opppmøte har det skorta på. Litt leit for treningane er for alle uansett kva form ein er i. Vi har vore innandørs i dei kaldaste månadane, noko som har vore litt utfordrande i haust utan gymsal, men vi har vore løysingsorienterte og benytta gangen på skulen og garderoba. Alice har stort sett leia treningane i løpet av året, men har innimellom hatt Trude som vikar. Øvingane er styrkeøvingar for heile kroppen utført med strikk, kettlebells eller med eiga kroppsvekt.

På ei økt fikk vi også med «karane». Det var kjekt og dei er velkomne til å delta meir.

Alice Stranden



Årsmelding – Ope basseng (familiebading)

Familiebading i regi av Syvde IL vart starta oppatt hausten 2023 etter nokre år utan. Etter gode erfaringar vart dette tilbodet også starta oppatt i hausten 2024, med litt endringar rundt organisering.

Idrettslaget har halde ope bassenget kvar onsdag klokka 17.00 til 19.00 for nye og gamle medlemmar i symjehallen ved Myklebust skule.

Det har etter kvart vorte eit svært attraktivt og kjekt tilbod for mange. Positivt både for det sosiale og medlemstalet i Syvde IL. Besøkstalet har leie stabilt på 20-25 personar pr gong. Mellom 35-40 ulike personar har vore innom i løpet av perioda.

Til neste år vil ein halde fram med å bruke same type organisering som no og forhåpentlegvis få kjøpt inn ein del utstyr dei badande kan nytte seg av.

Takk til Rolf Åge, Sindre , Eirik, Ole Jørgen og Lene som har stilt som badevakter for å få dette til.

Ansvarlege: Ole Jørgen Strand og Per-Magne Sørdal .

- Per-Magne Sørdal

Årsmelding sykkelgruppa 2024

Syklistane i idrettslaget har hatt eit aktivt år på sykkelsetet. Nokre har over 4000 km på sykkelen siste året. Fleire har delteke i turritt, og vi kjenner til at Nordmarka rundt (148 km), Birkebeinerrittet (84 km) og Cykelvasan90 (96 km) har hatt deltakarar frå Syvde. I det «lokale» rittet Tour de Moltu (47 km) var også idrettslaget representert.

Fleire utanlandsturar har det også vorte på syklistane siste året. Det er særleg Spania som utpeikar seg som det landet ein reiser til, det varme klimaet fristar. Vårt gode naboland Sverige har hatt besøk av oss fleire gongar, og vi har fått erfare at det er godt tilrettelagt for syklistar fleire stadar. Delar av Kattegattleden har også nokon prøvd seg på, den blir på nettet betegna som Sveriges vakreste sykkeleventyr. I Italia har det også vore syklistar med Syvde drakter å sjå.

Sjølvsagt er flest mil tilbakelagt i vårt eige nærområde Vanylven. Med Hovda rundt og ut til Kleiva som nokre av turane. Det har bla. vore fellesturar til Lom, Sogn og Refvika.

«Camp&Bike» turane er det sosialt og kjekt å vere med på.

Det er stort sett ei kjerne med 10-12 syklistar som er mest aktive, men gruppa tek gjerne imot nye som vil vere med på tur. Det går fint å delta på dei fleste turane med el-sykkel om ein ynskjer det.

Til slutt gratulerer vi Oskar Vik som i sitt første Birkebeinerritt greidde merket med god margin. Vi nemner også at Runar Vik var berre eitt sekund ifrå å ta merket.

Takk for eit fint og innhaldsrikt sykkelår 2024.

Steinar Arne Nordal

-leiar-



Deltakarar frå Syvde IL på Birken 2024, frå venstre: Oddbjørg, Steinar, Oskar, Runar, Terje og Gunnar. John V Nordal deltok men vart ikkje med på bildet. Foto: Åse N Eikrem.



Frå fellesturen Lom: Sykla på «hi sida» Lom-Vågå tur retur ca 70 km.

Frå venstre: Evelyn, Arild, Steinar, Jon Tore, Siv, Sølvi, Arle, Bente og Runar. Foto: Oddbjørg.

Årsmelding STYRKETRENING 2024

Grappa har fått nytt namn i 2024, og består av ei lita gruppe på fire mann som har trena kvar onsdag frå 3. januar til 27.mars. Lang sommarferie slik at vi hadde litt å jobbe med når vi starta på hausten. Salen var ikkje tilgjengelig p.g.a. vass-skade. Fyrste hausttreninga hadde vi ilag med damene i uteTRENING med puls. Her fekk vi nokre gode tips og råd. Sidan vi starta i haust har vi trena ute, noko som har gitt meirsmak.

- Atle Midtbø -



Årsmelding Fjelltrimmen 2024

I 2024 vart Ingvar Brekke årets fjellbukk med totalt 1200 poeng og 85 turar totalt gjennom sesongen. Årets fjellgeit vart Sølvi Midtbø med 710 poeng og 47 turar. Dei får begge kvart sitt gavekort på 1000 kr hjå XXL.

Årets junior fjellgeiter vart William Eikrem Nordmark og Sofie Ervik Røys. Dei får begge utdelt premie frå idrettslaget.

Tone Drage SørDAL vart den heldige vinnaren av Coop Hotellkupp som vart trekt ut av dei som har besøkt alle dei tolv postane til idrettslaget. Til saman var det 10 personar som var innom alle tolv postane i løpet av sesongen.

Vi gratulerer årets vinnarar og vil oppmode fleire om å registrere seg i fjelltrimmen.

- Ole Martin Brudevoll

Årsmelding- BLÅFELDEN RETT OPP 2024



Ein glad gjeng på Blåfjelden, alle født syvdingar.

Det var ein skoddevåt og sur dag under Blåfjelden Rett Opp 1. juni 2024. Tørt og fint i sentrum men frå 650 moh dreiv skodda. Bra påmelding i konkurranseklassa med 47 påmeldte der 44 stk fullførte. I Mosjon- turklasse deltok 72 stk. I lagkonkurransen stilte tre lag.



I kvinneklassa låg Ida Brakstad Orset (15-17) frå Romsdal Randoneeklubb, lenge bak den «lokale» favoritten, Guri Wangensteen t.v, men mot slutten passert både ho og Ingrid Klokset t.h. frå Tomrefjord Wangensteen og sprang inn på 49.28 og 49.53. Wangensteen si beste tid opp Blåfjelden er på 49:24 ifrå 2014 og ti år etter sprang ho altso på 51.16 som er ei knallsterk tid. Wangensteen jobber som veterinær og under premieutdelinga kom det fram at ho skulle på jobb for å inseminere ei ku, men fyrst skulle ho springe Blåfjelden.



Geir Steig frå Luster IL- La Sportiva, Norgesmester i motbakkeløp 2023 vann Blåfelden Rett Opp 2024 med tida 38:56.

Eg trur kanskje den flate kilometeren i starten var ein fordel for meg, sa Steig etter løpet, sjølv om det også opp gjennom sida, såg ut som han var den som heldt hjula best i gang. Han kom i mål eit minutt og tjue før sterke Øystein Ulekleiv frå Dombås, medan nummer tre vart Erik Vadla frå Sandnes IL, som studerer i Volda.



Som eg annonserte på premieutdelinga so gir eg meg som løpsansvarleg for Blåfelden Rett Opp.

På premieutdelinga kom Sverre Myklebust fram til scena: «Vil dokke ha eit tidsperspektiv? Desse karane brukar mindre tid på å springe opp på Blåfelden, enn Atle brukar på premieutdelinga.» Ein god kommentar som eg tar med meg vidare. Håper at Blåfelden Rett Opp kan leve vidare. Det er etter mitt syn viktig for eit idrettslag å eige eit populært idrettsarrangement.

-Atle Midtbø-

Årsmelding Øverberg skisenter:

2024 var eit år med relativt lite aktivitet på Øverberg skisenter. Det blei køyrt løyper med tråkkemaskina 5-6 dagar. Det vart ikkje køyrt skitrekk.

Av vedlikehald er det blitt skifta olje og filter på tråkkemaskina, samt at det har blitt lada batteria på tråkkemaskina på sommaren.

(Det blei havari på maskina første turen i 2025 der lastebæraren brotna av. Dette vart ordna med sveising)

- Arild Midtbø

SYVDE IDRETTSLAG 2024 – Styret på val er markert med raudt

STYRET			
Leiar	Øyvind Myklebust	41648371	oyvind_myk@hotmail.com
Kasserar	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Frode Myrvoll	90502384	fmyrvoll@yahoo.no
Styremedlem	Oda Wærnes	47664216	odawar@hotmail.com
Styremedlem	Ole Martin Brudevoll	98892465	ombrudevoll@gmail.com
Nestleiar	Lars Myklebust	99311748	myklebust.lars@gmail.com
Vara 1	Monika Skår	45475538	bjorn.skaar@mimer.no
Vara 2	Ove Myrvoll	90541055	ovemyrvoll@gmail.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG SKISENTER			
	Rolf Åge SørDAL	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
Kontaktperson	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Kim Tony Røys		
	Bjørnar Magne Berge	48127779	bjornar.berge@sibelco.com
ØVERBERGRONDÅ			
Ansvarleg	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
BLÅFELDEN RETT OPP			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
VALNEMD			
Ansvarleg	Torfinn Arnesen	95995450	torfinn.arnesen@gmail.com
	Ove Myrvoll	90541055	ovemyrvoll@gmail.com
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	steinar.arne.nordal@gmail.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTRENing med puls			
Ansvarleg	Alice Arnesen Stranden	91743482	
	Drage SørDAL Tone	96043697	
HERRETRIM			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund	91595972	asklun@gmail.com
SYKKEL			
Ansvarleg	Steinar Arne Nordal	41323069	steinar.arne.nordal@gmail.com
	Knut Brudevoll	45202493	brudevollknut@gmail.com